

Informasjon om spørjeundersøking - psykiske helsetenester

Spørjeundersøkinga blir gjennomført på bakgrunn av vedtak i Fylkestinget i september 2022, og den omhandlar elevane si oppleving av det psykiske helsetilbodet.

Ei oppsummering av undersøkinga vert presentert i politisk sak på Fylkestinget i juni 2023. Resultata vil bli nytta som kunnskapsgrunnlag for politiske vedtak i fylkeskommunen og brukt i dialog med kommunane, særleg om skulehelsetilbodet. Forsking- og utviklingsmiljø vil få tilgang til resultata og studentar vert involvert i analysearbeidet.

Spørjeundersøkinga skal gjennomførast i veke 10 i regi av Vestland fylkeskommune.

Undersøkinga er frivillig og anonym. Det vil ikkje bli mogleg å identifisere enkeltpersonar ut frå svara. Dersom du vel å svare, samtykker du til å delta. Svara dine vil bli registrert fortløpande.

Ved spørsmål kontakt:

Ingunn Olaug Wik Djonne: Ingunn.Olaug.Wik.Djonne@vlfk.no